

Planutvalet 27.6.19

Referat frå arbeidsmøte i Stranda formannskap/KPU 27.6.19

*Møtestad:* Stranda Rådhus, formannskapssalen

*Møtetid:* 11:00 – 16:00

*Til stades*

Politisk leiing: Inger Abelsen, Svein Erik Rimstad, Torill Karlsen, Ingvild Nykrem, Ann Kristin Langeland, Jostein Dalen, Petter Hjørungdal

Administrativ leiing: Åse Ein Holen, Einar Lied, Andreas Standal Eikrem

Ose AS: Bjarte Friis Friisvold, Marit Elisabet Larssen (referent)

Tema for møtet var:

1. Gjennomgang av utkast til plankart for arealdelen
2. Drøfting og avklaring av nokre tema
3. Innspel og tema som må vere med i planutkastet

KPU arbeidde seg gjennom kartutkast og tema bygd for bygd, og trekte følgjande konklusjonar:

#### 1. LIABYGDA

- BFR1 og hyttefeltet ned mot Liasjøen vert gjort om til kombinerte føremål og skraverte
- Kombinert føremål (hotell/bustad/grønt) i skravur. Skogholtet som no er LNF skal trekkjast inn i utbyggingsområdet
- Høg utnyttingsgrad på bustadareal – både det som ligg i tilknytting til dagens omsorgsbustader og i nytt felt som vert lagt i same område som hotellet
- Justere innslagspunktet for inntak Sætraelva
- Alle felt for hytte-/fritidsbustad i Liabygda skal vere med. Vert ikkje stramma inn noko

- Rekkefølgekrav i føresegnene om at oppstart hyttebygging i eit felt løyser ut krav om regulering av heile feltet

## 2. GEIRANGER

- Arealet til blålysetatane vert utvida, skal gjere den kvadratisk i form
- Trasé for Zip-line er regulert og godkjent, må inn arealplankartet
- Turstia via Homlong til Skageflå må inn – går via Homlongsætra
- Rekkefølgekrav ved utbygging av bustadfelta opp i dalen: Berget og Kopane kjem før Hole
- Trasé for kløvsti mellom Geiranger og Skjåk må inn i på kartet
- Kraftutbygging Flydalsvatnet (Tafjord kraft) må inn i planen

## 3. HELLESYLT/SUNNYLVEN

- Sjekk om ny vegline til Hornindal er markert på rett stad i kartet
- Parkering Kjelstadli/Trondstad i området ved grendahuset
- Offentlege toalett, plassering av desse kan det takast med i planen?
- Sti «Åsen rundt» må inn i kartet (sentrum via Åseneset og over Åsen og retur)
- Sti mellom Åseneset og Kurla må sikrast gjennom plankartet
- Gravplassen vart drøfta, men ikkje endra i høve til framlegg til lokalisering
- Postvegen til Stryn/Flo må inn i kartet
- Postveg Ljøen til Herdalen
- Bustadfeltet over tunellen vert utvida, ligg over Hellesyltporten

## 4. STRANDA

- Massedeponi for reine massar vert plassert ved innslaget til tunellen i Herdalen
- Ta inn hyttefeltet ved Svefonna
- Sjekke statleg sikra området i Helsemvika – kva føringar legg dette for anna arealdisponering

- Hyttefeltet Lien skal inn – høgutnytingsgrad, spørsmål om korleis løyse vegføringa fram til feltet
- Sikre trasé for nedfarta frå Morafta gjennom S1, S2, S3 og leggje inn turistføremål ovanfor S1, S2, S3
- Ikkje etablere hyttefelt på Morafta mot tettstaden. Vert å ta vekk hyttefelt og leggje inn LNF i staden
- Roalden – paviljong og turistanlegg skal inn
- Kjølen hyttegrend skal inn i kartet, finne god avkøyring til feltet og sikre denne gjennom regulering
- Nei til Blådalen
- Gamlevegen til Ringstadsætra må sikrast i kartet
- Ny tomt til brannstasjon vert å plassere i B3 mellom barnehage og næringsområde, evt på arealet til noverande Ringstad skule
- Området mellom Barlia og Lånegarden vert skravur raud/gul – omtale føremålet (seniorbustader)
- Legg inn gangsti frå gml Betel forbi brannstasjonen – gjenbruke godkjente planar
- Ta ut BN1. Ta ut B2-2. Veg inn til B2-1 skal gå via Haslevegen
- Ta inn gml postveg frå Drege til Framhus via Hjellestien og til Kjøllås. Rås frå Kjøllås og ned mot sjøen/Ous ((Sjøaveg?))
- Tunell gjennom fjellet (Ousbakkane) går ut – legg inn gang- og sykkelveg i staden
- Buområdet ved Uksa (13/5) vert utvida fram til vegen (tomtegrensa)
- Vassetsætra går ut
- Parkeringsareal til Liene
- Skogen til Skarvø (17/1) ned til naust
- Fausadalen – utbyggjingsavtale inn som vilkår

### **Andre avklarande tema**

- Fortetting i Stranda sentrum – utkast til strategi vart presentert – vert å arbeide vidare med den. Skal omtalast i plandokumentet.
- Fortetting i øvrige bygdesentra vert omtalt som **høg utnytingsgrad**. Skal gå fram av planomtale kva utbyggingsområde dette gjeld
- Omsynssone for sætre og støylar vert omtalt i plandokumentet
- I regulering av hytte- og fritidsbustadområde vert det krav om ta omsyn til og/eller leggje inn løypetrasé, grønne sonar, leik- og aktivitetsområde, gamle ferdsselsåre og råser i aktiv bruk